



Sopp på gamle eiketre i Hordaland 2014



Utgjevar: Fylkesmannen i Hordaland, miljøvern- og klimaavdelinga	Rapport nr: MVA-rapport 6/2014
Tittel: Sopp på gamle eiketre i Hordaland 2014	ISBN: 978-82-8060-102-5
Forfattar: Olav Aas	Dato: 25.11.2014

Samandrag:

Rapporten presenterer resultatane frå ei undersøking av sopp på 34 eiketre i Hordaland i 2014, fordelt på kommunane Bergen, Fusa, Kvam, Lindås, Radøy, Tysnes, Ulvik og Vaksdal. I alt 45 soppartar vart registrert, av desse 4 raudlisteartar, og i tillegg 15 sjeldne (i alle fall lite samla). Fleire artar vart registrert for første gong i dei respektive kommunane, og fleire funn var også nye for Vestlandet.

Referanse:

Aas, O. 2014. Sopp på gamle eiketre i Hordaland 2014. – Fylkesmannen i Hordaland, miljøvern- og klimaavdelinga, MVA-rapport 6/2014. 38 s.

Emneord:

Biologisk mangfald, eik, sopp

Fylkesmannen i Hordaland
Miljøvern- og klimaavdelinga
Postboks 7310
5020 Bergen

Tlf: 55 57 20 00

www.fylkesmannen.no/hordaland
www.miljostatus.no/hordaland

Foto på framsida:

Øvst: Nes naturminne. *Nede venstre:* svovelkjuke, *nede midten:* teppeskål, *nede venstre:* eikeknorteskinn. Foto: O. Aas.

Innhald

Innhald.....	3
Innleiande kommentarar	5
Oversiktskart	6
Omtale av dei enkelte trea	7
Bergen kommune	7
Fusa kommune	9
Kvam kommune	10
Lindås kommune	21
Radøy kommune	26
Tysnes kommune	28
Ulvik kommune	30
Vaksdal kommune	33
Tabellar	35
Tabell 1. Raudlista og sjeldne artar	35
Tabell 2. Nye funn for kommunane	36
Tabell 3. Liste over alle registrerte artar	37
Litteratur	38

Innleiande kommentarar

Rapporten omfattar kartlegging av sopp på gamle eiketre i Hordaland i 2014. Gamle eiker i kulturlandskapet har status som utvald naturtype etter naturmangfaldlova, og har såleis særleg forvaltingsmessig interesse.

Årsaka til at gamle eiketre har fått slik status er at dei er levestad for svært mange artar, særleg av insekt og sopp, og blant desse mange sjeldne og raudlista artar. I Hordaland er det gjort få, om nokon, målretta undersøkingar av fungaen på gammal eik, og det er av stor interesse å få betre kunnskap om dette.

Alt innsamla materiale er svært sannsynleg frå sommareik (*Quercus robur*).

Resultata er knytt til kvart enkelt tre som vart undersøkt, også negative resultat. For eiker som er registrert i Naturbase er Naturbase-ID oppgjeven. For undersøkte eiker som ikkje er registrert i Naturbase vart det plotta med GPS til nærmaste meter. Omkrins i brysthøgde vart målt, og det er notert om trea er hole eller ikkje. Desse trea vart det òg tatt foto av.

Undersøkinga omfatta eit utval av eiketre i 8 kommunar i Hordaland: Bergen, Fusa, Kvam, Lindås, Radøy, Tysnes, Ulvik og Vaksdal.

Kommunane Lindås, Ulvik og Vaksdal vart undersøkt sommarstid, utanom soppsesongen, og dette har nok resultert i litt færre soppfunn i desse områda.

I alt vart 34 eiketre undersøkt.

Tabell 1 omfattar 4 raudlista artar i tillegg til 15 artar som er sjeldne.

Tabell 2 omfattar 26 artar som er nye funn for kommunar.

I alt vart det registrert 45 soppartar i denne undersøkinga (tabell 3).

Takk til Fylkesmannen i Hordaland for økonomisk støtte. Det er også motteke støtte frå Olaf Grolle Olsens Legat, Universitetet i Bergen. Også takk til Olav Overvoll ved Fylkesmannen i Hordaland for godt samarbeid, og til Mary Holmedal Losvik som deltok på feltarbeidet.

Vidare undersøking av fleire tre og i andre kommunar er ønskjeleg for å betre kunnskapen om sopp på eik på Vestlandet, og for å styrke dokumentasjonen på artsførekomstar på dei enkelte trea.

Oversiktskart



Geografisk fordeling av eikene som vart undersøkte for sopp i Hordaland i 2014. Kartframstilling: Fylkesmannen i Hordaland. Kartgrunnlag: Statens kartverk

Omtale av dei enkelte trea

BERGEN kommune

1. Cappes vei nr. 30, i Brattlien i Fjellsiden, Bergenhus bydel.

60°23'37"N, 5°20'3"E (32V 298022 6700853). Omkrins 250 cm, ikkje hol. Undersøkt 11. mars.

Etter kvart er dette vorte eit "berømt" eiketree, med diverse omtale i aviser (m.a. Bergens Tidende 20. mars 2013) og ulike etatar i Bergen (m.a. Bergen kommune, fagnotat). Eika står i eit planlagt utbyggingsområde, og i starten av 2013 vart greinene og øvre del av stammen saga ned. Ved ein lapsus vart den gangen stammeomkrinsen målt til å liggje «langt nok under vernekravet» på 200 cm.

- *Coniochaeta subcorticalis*. Ein liten sekksporesopp med ¼ mm store fruktlekamar. Den har ikkje noko norsk namn. Dette er første funn i Hordaland, muligens også for Vestlandet, sidan eit eldre funn frå Møre og Romsdal er noko usikkert. Sannsynlegvis første funn på eik her i landet. Arten har raudlistestatus NE (ikkje vurdert for raudlista). Soppen vart funnen på bork på avsaga stamme på bakken.
- *Leptosporomyces (Fibulomyces) mutabilis*. Denne barksoppen har ikkje noko norsk namn. Andre funn på Vestlandet, her tidlegare funne på Voss av Jens Stordal i 1950. Soppen er kjend frå rundt 15 lokalitetar i Noreg. Dette er sannsynlegvis første funn på eik her i landet. Soppen vart funne på bork på avsaga stamme på bakken.

2. Rambjøra, Sandbrekkeveien ved Myrvatnet. Naturbase-ID: BN00081105.

Omkrins 380 cm, hol. Undersøkt 21. september.

Eika står i landskapsvernområdet på sørvestsida av kollen sør for Eikelund kompetansesenter, nær Myrvatnet på Tveiterås. Eika er synleg frå parkeringsplassen ved kompetansesenteret. Den står i ei bratt, grunnlendt skråning, og ser litt skrøpeleg ut. Tidlegare har nok greiner vorte saga av, og det er tydelege spor ette greinknekk av nyare dato.


I felt vart det registrert *Mycena* sp. – hettesopp i mosedekka del av treet, men desse var for høgt oppe på stammen til at dei kunne innsamlast.

- *Armillaria lepistipes* – hagehonningsopp. Mindre vanleg innsamla sopp, tidlegare funnen i kommunen.
- *Laccaria laccata* – lakssopp. Vanleg hattsopp i heile landet.
- *Meripilus giganteus* – storkjuke. Raudlista, **NT** (nær trua). Relativt sjeldan sopp i landet, kjent frå rundt 50 lokalitetar. Tidlegare innsamla frå par-tre område i kommunen.

3. Tveiterås naturminne (gnr. 9 bnr. 95). Freda eik. Naturbase-ID: VV00002183. Omkrins 400 cm, ikkje hol, mange små borksprekker. Undersøkt 21. september.

Eika står i ein hage i sørlegaste delen av Grønnegrend ved Nesttunvatnet. Eika vart freda i 1967 (Fægri 1969): «På Tveiterås gnr. 9 i Fana, hos K. Jorem, er et vakkert eiketree blitt fredet ved departementets vedtak i 1967». Også i dag er det eit «vakkert» tre.

- *Grifolia frondosa* – korallkjuke. Raudlista, **VU** (sårbar). Soppen er innsamla frå knapt 170 lokalitetar i landet, frå 17 områder i Hordaland, og 6 av desse er frå Bergen kommune.



Venstre: Eika i Cappesvei nr. 30. Avsaga greiner og øvre del av stammen. Foto: Mary Holmedal Losvik, 24. august 2014. Høgre: Tveiterås naturminne. Foto: O. Overvoll, 29. oktober 2014.

FUSA kommune

1. Hålandsdal, gnr. 50/7 ved Paradishaugen. Naturbase-ID: BN00083344

60°14'29"N, 5°51'2"E (32V 325645 6682437). Omkrins 520 cm, hol. Undersøkt 4. september.

Eika står på innmarka rett vest for husa, nord for vegen, i austenden av Berhovdatjørna. Området er i Hålandsdal, like etter avkøyrsla frå Holdhus. Den store eika gjekk over ende i sterk vind sommaren 2013, og berre nedre del av stammen står att. Holrommet var stort.

- *Daedalea quercina* – eikemusling. Ny for kommunen. Ein vanleg poresopp i heile landet.
- *Mycena inclinata* – eikehette. Ny for kommunen. Den vakre hettesoppen vaks i knipper i holrommet på eika. Ein relativt vanleg skivesopp her i landet, innsamla frå i overkant av 200 lokalitetar. Om lag 10 funn i fylket, fordelt på 7 kommunar.
- *Tomentellopsis echinospora*. Ny for kommunen. Denne spindelvevsaktige gule barksoppen er sjeldan, kjend frå i underkant av 60 lokalitetar i landet. I Hordaland er soppen funne berre to ganger tidlegare: på Voss i 1950 på einer og på Mongstad i Lindås på furu.



Eikehette, ein knippeveksande skivesopp. Foto: Olav Aas

KVAM kommune

1. Lundaneset, tun 42/21. Naturbase-ID: BN00083319

Omkrins 240 cm, hol. Undersøkt 3. september.

Lundaneset, mellom Norheimsund og Øystese, er eit område med fleire store eiketre. Det undersøkte treet står i utkant av ein hage. Holrommet er i samband med tidlegare greinbrekk, knapt to meter opp på stammen.

- *Athelia fibulata*. Ein kvit barksopp på nedramla grein på bakken. Ny for Kvam. I Hordaland var soppen tidlegare berre kjend frå Voss kommune, med to funn i 1950 og 1951. I denne undersøkinga har eg også funne soppen i Radøy kommune. Den er relativt sjeldan innsamla her i landet, kjend frå om lag 90 lokalitetar.
- *Nemania prava*. Ny for Hordaland. Ikkje vurdert for raudlista (NE). Denne sekksporesoppen tilhøyrer gruppa «kolsopp/kullsopp», og er tidlegare berre kjent frå 17 lokalitetar her i landet.
- *Vuilleminia comedens* – barksprengersopp. Ein vanleg sopp i fylket og i landet, men berre eit tidlegare funn frå Kvam som vart innsamla i 1951.

2. Børve, eik 1. Naturbase-ID: BN00083333

Omkrins 450 cm, hol. Undersøkt 3. september.

Børve ligg mellom Norheimsund og Øystese, og eika står på eit høgdedrag i kanten av innmarka. Treet har tidlegare vore styva, og den tre meter høge stammen er innhol frå toppen. Det er også to relativt små hol på nedsida av stammen.

- *Erysiphe alphitoides* – eikemjøldogg. Denne soppen, på eikeblad, er ein «framand art» her i landet og såleis svartelista (SE) som svært høg risiko. Soppen er tidlegare innsamla i kommunen, i 1926 av Torkel Lillefosse. Den er relativt sjeldan innsamla her i landet, men er nok meir vanleg enn dei innsamla funna tilseier (Solheim 2012).
- *Hymenochaete rubiginosa* – eikebroddsopp. Ein vanleg barksopp i heile landet.
- *Stereum hirsutum* – ragglærsopp. Ein vanleg barksopp i heile landet.

3. Børve, eik 2. Naturbase-ID: BN 00083334

Omkrins 585 cm, hol. Undersøkt 3. september.

Eika er eit tuntre på bruk 35/4 på Børve. Treet er tidlegare styva, og innhol frå toppen. På stammen er det eit tydeleg hol i samband med tidlegare greinfeste. På nedsida er det tydeleg merke etter grein som har ramla av ved greinfeste.

- *Hymenochaete rubiginosa* – eikebroddsopp. Ein vanleg barksopp i heile landet.

4. Nes naturminne. Freda eik. Naturbase-ID: VV00002145

Omkrins 740 cm, hol. Undersøkt 3. september.

Eika står i skogbrynet, tidlegare beitemark, like nord for Nes Camping. Treet vart freda i 1964 (Fægri 1969): «På Nes, gnr. 34 i Kvam, eier Torstein Nes, er en eik fredet i 1964 ved departementets vedtak. Rundmål 5,60 m; fem mann får plass i den hule stammen».

- *Chlorociboria* sp. – grønbeger. Sterilt materiale, dvs. fruktlekamar manglar. Det er to aktuelle artar som fargar veden grøn: *C. aeruginosa* – storspora grønbeger og *C. aeruginascens* – småspora grønbeger. Dei to artane er berre innsamla ein gang kvar frå Kvam, førstnemnde i 1927 og sistnemnde i 1951.
- *Hymenochaete rubiginosa* – eikebroddsopp. Ein vanleg barksopp i heile landet.
- *Vuilleminia comedens* – barkspengersopp. Ein vanleg sopp i fylket og i landet, men berre eit tidlegare funn frå Kvam som vart innsamla i 1951.



Den freda, hole eika på Nes. Foto: Olav Aas



Den freda, hole eika på Nes. Foto: Olav Aas

5. Vikøy, Teigen. Naturbase-ID: BN00083328

Omkrins 692 cm, hol. Undersøkt 4. september.

Eika står i grasmark på eit høgdedrag på bnr. 7/58 i Vikøy, like ovanfor det øvre huset på Teigen. Treet har vore styva tidlegare, og hovudstammen er hol og open. I tillegg til dei to hovudstammene veks det eit stort rognetre i midten av treet.

- *Laetiporus sulphureus* – svoelkjuke. På levande stamme på treet. Relativt vanleg sopp med fleire funn i kommunen.
- *Trametes hirsuta* – raggkjuke. På avsaga grein på bakken. Vanleg sopp med fleire funn frå kommunen.
- *Vuilleminia comedens* – barksprengersopp. Ein vanleg sopp i fylket og i landet, men berre eit tidlegare funn frå Kvam som vart innsamla i 1951.

6.-10: Berge. Med unntak av Berge naturminne, står alle dei undersøkte eikene innanfor Berge landskapsvernområde som vart verna i 1984. Området med dei gamle, styva «kjempeeikene» på garden Berge dekkar eit areal på rundt 55 mål (Hafsten 1962). Ein skjøtselplan og skjøtseltiltak for den delen av verneområdet som omfattar dei store eiketrea vart laga i 1990 (Losvik 1990). Dei fylgjande linjene er omskrivne frå Hafsten (1962): 50 store

og gamle eiketre finst i området, gjennomsnitt i omkrins er nærmare 5 m, og dei representerar sannsynlegvis ein relikvt frå eikeskogane frå bronsealderen. Dette er landets største bestand av store eiketre, ein må utanom landgrensene for å finne eit tilsvarande område. Dei største trea står i den slakke vestsida av fjellpartiet som vender mot innmarka og vegen.

6. Berge, eik 21*, Stekkevik (* nr. i h.t. Fylkesmannen i Hordaland 2013)

Omkrins 425 cm, hol. Undersøkt 4. september.

Eika står i utmarksbeitet i eit lauvskogsområde med spreidde gamle og store eiketre, langs stien mellom parkeringsplassen og den tidlegare slåttemarka. Den hule stammen dominerer, det er berre få greiner på eika. Det vart registrert 4-5 ulike sopp på den døde stammen, men alt dette materialet var sterilt og for gammalt til sikker artsbestemming.

- *Trametes hirsuta* – raggkjuke. Vanleg sopp med fleire funn frå kommunen.



Eik 21 ved Stekkevik, Berge. Foto: Mary Holmedal Losvik

7. Berge, eik 29*, Stekkevik. (* nr. i h.t. Fylkesmannen i Hordaland 2013)

Omrins 885 cm, hol. Undersøkt 4. september.

Eika står i utmarksbeitet, nær gjerdet mot kulturbeitet, i enden av stien frå parkeringsplassen. Treet står i lauvskogsområdet med spreidde gamle og store eiketre. Tidlegare vart eika styva, og to store greiner går ut på kvar side av den hole stammen.

- *Ganoderma applanatum* – flatkjuke. Vanleg sopp på ulike lauvtre.
- *Hymenochaete rubiginosa* – eikebroddsopp. Ein vanleg barksopp i heile landet.
- *Meripilus giganteus* – storkjuke. Raudlista **NT** (nær trua). Sjeldan sopp, i kommunen tidlegare funne ved Omastrand på pæretre.



Eik 29 ved Stekkevik, Berge. Foto: Olav Aas

8. Berge, eik 34*, Hauane (* nr. i h.t. Fylkesmannen i Hordaland 2013)

Omrins 810 cm, hol. Undersøkt 9. september.

Eika står i tidlegare slåttemark, no kulturbeite.

- *Fistulina hepatica* – oksetungesopp. Raudlista **NT** (nær trua). På levande stamme på treet. Relativt vanleg innsamla sopp i kommunen, fylket og landet. Soppen er kjend frå over 500 lokalitetar i Noreg. På den undersøkte eika vart det registrert 10 fruktlekamar av soppen. Oksetungesopp har vore observert i mange 10-år på eikene i landskapsvernområdet på Berge.
- *Laetiporus sulphureus* – ssvovelsopp. På levande stamme på treet. Relativt vanleg sopp med fleire funn i kommunen.



Eik 34 i kulturmark på Hauane, Berge. Foto: Olav Aas

9. Berge, eik 47*, Hauane (* nr. i h.t. Fylkesmannen i Hordaland 2013)

Omkrins 445 cm, hol. Undersøkt 9. september.

Eika står i tidlegare slåttemark, no kulturbeite.

- *Daedalea quercina* – eikemusling. Fleire funn frå kommunen, men ikkje innsamla tidlegare frå eikene i landskapsvernområdet. Vanleg sopp på døde parti på treet.
- *Enerthenema papillatum*. Denne slimsoppen har ikkje fått norsk namn.

NB: I Artskart og Norsk soppdatabase, er det ikkje registrert funn av soppen frå Vestlandet. Her er det viktig å merke seg at Bergensmaterialet av slimsopp (også rust- og sotsopp) enno ikkje er registrert innlagt.

Astrid Karlsen (1944) samla soppen frå 5 kommunar i fylket: Granvin, Kvam: Tolo, Kvinnherad, Ullensvang og Ulvik. Alle innsamlingane hennar, på furu, svartor og bjørk, er oppbevart i herbariet (BG) ved Naturhistoriske samlingar i Bergen. Astrid Karlsen nemner at dette er ein vanleg sopp i landsdelen.

Også Anne Bente Kalstø (1985) samla soppen frå 27 lokalitetar ved Bjørnen og Smørås i Bergen kommune, både på lauvtre og bartre, mest vanleg på lauvtre. Alt materialet er oppbevart i herbariet BG.

Soppen er etter dette vanleg i fylket. Mitt funn er det andre i Kvam kommune.

- *Fistulina hepatica* – oksetungesopp. Raudlista, **NT** (nær trua). På levande stamme på treet. Relativt vanleg innsamla sopp i kommunen, fylket og landet. Soppen er kjend frå over 500 lokalitetar i Noreg. Oksetungesopp har vore observert i mange 10-år på eikene i landskapsvernområdet på Berge.
- *Laetiporus sulphureus* – svovelsopp. På levande stamme på treet. Relativt vanleg sopp med fleire funn i kommunen.
- *Nemania serpens* – ospekullsopp. Ny for kommunen. Ein relativt vanleg sekksporesopp, tidlegare innsamla frå 7 kommunar i Hordaland, og med funn frå meir enn 200 lokalitetar i landet.
- *Tapesia fusca* – teppeskål. Ny for kommunen, tidlegare berre funne ein gang i fylket, frå Voss. Soppen er kjend frå i overkant av 40 lokalitetar i landet, og den er ikkje vurdert (NE) for raudlista.



Eikemusling (v) og oksetungesopp (h) på eik 47 på Hauane, Berge. Foto: Olav Aas



Eik 47 på Hauane, Berge. Foto: Olav Aas



Svoelkjuke og 1 mm store fruktlekamar av sekksporesoppen teppeskål. Begge funne på eik 47 på Hauane, Berge. Foto: Olav Aas

10. Berge naturminne. Freda eik. Naturbase-ID: VV00002178

Omkrins 1060 cm, hol. Undersøkt 9. september.

Eika står i tidlegare slåttemark, no kulturbeite. Eika vart freda i 1929 (Nordhagen 1930). Omkrinsen vart målt til 920 cm i 1962 (Hafsten 1962), same mål oppgjeve av Fægri i 1969 (Fægri 1969). Det er det største og sannsynlegvis det eldste av eiketrea i og ved Berge landskapsvernområde. Trass det store holrommet er det fleire store, friske greiner på treet. Ein stor stamme av rogn stod midt i treet.

- *Grifolia frondosa* – korallkjuke. Raudlista, **VU** (sårbar). Ved basis av treet, både inne i holrommet og på nedsida av treet. Soppen er tidlegare innsamla frå området i tillegg til frå 5 andre område i kommunen. I fylket er den innsamla frå 6 kommunar, og den er kjent frå knapt 170 lokalitetar i landet.
- *Hymenochaete rubiginosa* – eikebroddsopp. Ein vanleg barksopp i heile landet.
- *Hypocrea citrina* – gul putesopp. Denne sekksporesoppen er ny for kommunen. Eit tidlegare funn i fylket, frå Voss, vart innsamla i 1951. Soppen er ikkje kjent frå dei andre vestlandsfylka. Sjeldan sopp her i landet, berre kjent frå om lag 30 lokalitetar.
- *Mycena filopes* – stripehette. Ny for kommunen. Innsamla frå 5 andre kommunar i fylket, og frå om lag 150 lokalitetar i landet.
- *Phellinus ferreus* – kystrustkjuke. I kommunen er soppen tidlegare funne i området ved Geitaknottane. I fylket er den funne i 5 andre kommunar. På landsbasis er det kjent i overkant av 300 innsamlingar, og eik er det dominerande vertstreet i Skandinavia.
- *Xylodon (Hyphodontia) quercinus* – eikeknorteskinn. Ny for kommunen. I fylket tidlegare funne i Granvin og Voss, det er innsamlingar frå 1950 og 1951. I denne undersøkinga vart soppen også funnen i kommunane Lindås og Radøy. Relativt sjeldan sopp i Noreg, berre kjent frå om lag 100 lokalitetar.



Sekksporesoppen gul putesopp til venstre. Det gule soppvevet (stroma) inneheld små mørke prikkar som er munningar av nedsenka fruktlekamar (perithecier). Kystrustkjuke til høgre. Foto: Olav Aas



Berge naturminne er eit av dei største og eldste eiketrea i landet. Foto: Mary Holmedal Losvik.



Den freda eika på Berge står i den slakke vestsida av fjellpartiet som vender mot innmarka og vegen. Oversida av treet med stort holrom. Foto: Mary Holmedal Losvik (venstre bilete), Olav Aas (høgre bilete).

11. Tuftaleitet, Tørvik ved Bergsvatnet. Naturbase-ID: BN00049534. Tidlegare freda, men fredinga er oppheva.

Omkrins 545 cm, hol. Undersøkt 9. september.

Treet vart freda i 1929 (Nordhagen 1930): «En kjempestor eik (*Quercus pedunculata*) [= sommareik, *Q. robur*] på gården Tuftens grunn, Tørvikbygden, Hardanger. Eier: Johannes S. Tuften. Treets høide er 16 à 17 m; det måler 6,20 m rundt stammen i 1 m høide over marken og bærer 10 større grener, hvorav den største er 3,86 m i rundmål. En større gren er dessverre hugget av hensyn til landeveien som passerer forbi, likeså en stor flogbjørk, som dog ennu er levende». I Nordhagen (1930) s. 52 er det foto av eika, fotografert av Olaf Hanssen, sannsynlegvis i 1929.

Eika er rimeleg kjend av mange sidan den står midt i riksvegen, like sør for avkøyringa til Heradstveit. I dei sienare åra er det stelt fint med treet, slik at daude greinparti ikkje skal kunne ramle ned i vegbana som går tett innpå på begge sider av treet. Eika har fire kraftige hovudstammar som igjen deler seg.

Denne eika har fått namnet «Mjølkeeika» (Berit Byrkjeland 2008, nettdokument), her var samlingsstaden for mjølka, når bøndene frå gardane omkring skulle levere mjølk til meieriet.

- *Grifolia frondosa* – korallkjuke. Raudlista, **VU** (sårbar). Ved basis av treet, både på utsida og inne i holrommet. Soppen er også tidlegare innsamla frå dette treet, i tillegg til frå 5 andre område i kommunen. I fylket er soppen innsamla frå 6 kommunar, og den er kjent frå knapt 170 lokalitetar i landet.
- *Laetiporus sulphureus* – svovelkjuke. Relativt vanleg sopp på levande eiketre.



«Mjølkeeika» ved Tuftaleitet. Den raudlista korallkjuke som veks ved basis av det levande treet, er lett synleg frå lang avstand. Begge foto: Mary Holmedal Losvik.

LINDÅS kommune

1. Kjenes. 60°38'22"N, 5°17'14"E (32V 296993 6728363)

Omkrins 197 cm, ikkje hol. Undersøkt 29. mai.

Eika står i den austlege delen av Naturbase-ID: BN00014978, hagemark/skogsbeite (B-verdi), aust for vegen i høgdedraget opp til husa på Kjenes.

- Det vart ikkje funne sopp på treet.



Eika ved Kjenes (til venstre). Foto. Olav Aas, og eika ved Kjenes snuplass (til høgre). Foto: Mary Holmedal Losvik.

2. Kjenes, ved snuplassen. 60°38'19"N, 5°17'18"E (32V 297048 6728267)

Omkrins 210 cm, ikkje hol. Undersøkt 29. mai.

Eiketreet har bork med 1.5 cm djupe lengdefurer i om lag 1,5 meters lengd av stammen.

- *Hysterium pulicare* – riflesprekksopp. Ikkje vurdert for raudlista (NE). I Lindås er soppen tidlegare funnen ved Vågseidet på eik. I fylket er den også funnen i Bergen, Granvin og Os. Det er kjent om lag 125 lokalitetar for soppen her i landet. Denne sekksporesoppen lever på borken på treet, og ser ut som ørsmå svarte kuler.

3. Marås, «Haugen». 60°42'43"N, 5°11'16"E (32V 292028 6736740)

Området 255 cm, ikkje hol. Undersøkt 29. mai.

Området er ein haug med fleire store eiketre, like nord for husa på Marås. Det ligg inne i naturbasen som beiteskog med naturbase-ID: BN00014965 (C-verdi). Området vert nytta som beitemark, og store deler er rydda.

- *Durella commutata*. Ny for Vestlandet. Denne sekksporesoppen vart funne på avborka del av stammen. Soppen vart funnen for første gang her i landet i 1971 i Hedmark på gamal lauvved. Eg kjenner ikkje til andre funn her i landet.
- *Stereum hirsutum* – ragglærsopp. Vanleg sopp på lauvtre, særleg eik. Tidlegare funne i kommunen, på bøk i Vollum naturreservat.
- *Xylodon (Hyphodontia) asperus* – glisneknorteskinn. Denne barksoppen er sjeldan innsamla frå Hordaland. Eit tidlegare funn i Lindås, ved vassverket på Herland, vart gjort på sitkagran i 2009. I fylket er den i tillegg berre funnen på Voss i 1950 og 1951. Om lag 250 spreidde funn i landet.
- *Xylodon (Hyphodontia) quercinus* – eikeknorteskinn. Ny for kommunen. I fylket tidlegare funnen i Granvin og Voss, det er innsamlingar frå 1950 og 1951. I denne undersøkinga vart soppen også funnen i kommunane Kvam og Radøy. Relativt sjeldan sopp i Noreg, berre kjent frå om lag 100 lokalitetar. Soppen vart registrert på fleire av eiketrea i området, karakteristisk på undersida av døde greinparti på trea, oftast høgt oppe i trekronene.



Eika ved «Haugen», Marås. Foto: Olav Aas

4. Vabø. Naturbase-ID: BN00014939

Omkrins 470 cm, ikkje hol. Undersøkt 29. mai.

Eika står i ei bratt skråning på gnr. 102/1 ved vegkrysset på Vabø. Området er i dag del av attgroande eng. Treet er ikkje styva.

- Det vart ikkje funne sopp på treet

5. Lindås ungdomsskule. 60°44'4"N, 5°9'37"E (32V 290658 6739311)

Omkrins 300 cm, hol. Undersøkt 29. mai.

Eika står på skuleplassen ved Lindås ungdomsskule. Det er små holrom på to sider av stammen, det største 17 x 8 cm, og 11 cm djupt.

- Det vart ikkje funne sopp på treet



Eika ved Lindås ungdomsskule. Foto: Olav Aas

6. Kvamme. Naturbase-ID: BN00014942

Omkrins 395 cm, ikkje hol. Undersøkt 20. august.

Eika står i ei bratt skråning, i beitemark på vestsida av fylkesveg 404 ved Kvamsvåg. Treet er ikkje styva.

- *Conferticium ravum* – ospeskinn/ospeokerskinn. Raudlista, **VU** (sårbar). Ny for Hordaland. Ein sjeldan barksopp som berre er funne 22 stader i landet. Den er innsamla frå ulike lauvtre, flest på osp. Eik er nytt substrat for soppen her i landet.
- *Vuilleminia comedens* – barksprengarsopp. Ny for Lindås. Ein relativt vanleg barksopp i fylket og landet.



Barksprengarsopp. Dei resupinate fruktlekamane utviklast under ytterborken som seinare «sprengjast bort», og blottlegg dei tynne fruktlekamane. Ein vanleg sopp på døde greiner av m.a. eik, or, bjørk og hassel. Foto: Olav Aas.

7. Tveiten nord. Naturbase-ID: BN00014941

Omkrins 350 cm, antydning til hol ved basis. Undersøkt 20. august.

Eika står i kanten av beitemarka på vestsida av fylkesveg 404, like nord for Tveiten.

- Det vart ikkje funne sopp på treet.

8. Tveiten nord II. 60°34'29"N, 5°14'9"E (32V 293772 6721323)

Omkrins 223 cm, ikkje hol. Undersøkt 20. august.

Eika står på innmark, om lag 50 m sør for tre nr. 7, Tveiten nord. Tydelege borksprekker på treet.

- *Patinellaria sanguinea*. Ikkje vurdert for raudlista, NE. Ny for Hordaland, andre funn frå Vestlandet. Denne sekksporesoppen er sjeldan innsamla her i landet, berre kjend frå knapt 90 lokalitetar. På Vestlandet er den heller ikkje funne i Rogaland eller i Sogn og Fjordane.
- *Tremella mesenterica* – gul gelésopp. Relativt vanleg sopp på ulike lauvtre i fylket og i landet. Dette er sannsynlegvis første funn på eik i Hordaland. Det undersøkte materialet var konidiestadie (Imperfekt stadie).



Eika ved Tveiten nord. II. Foto: Mary Holmedal Losvik.

RADØY kommune

1. Lervik. 60°39'41"N,5°3'47"E (32V 284910 6731520)

Omrins 220 cm, ikkje hol. Undersøkt 20. august.

Eika står i beitemarka like nedanfor det nederste huset i Lervik. Området ligg like nord for Naturbase-ID BN0000978 – Lervik hagemark.

- *Athelia fibulata*. Ny for Lindås, vestlegaste funn i landet. Ein kvit barksopp på rotnande del på treet. I Hordaland var soppen tidlegare berre kjend frå Voss kommune, med to funn i 1950 og 1951. I denne undersøkinga har eg også funne soppen i Kvam kommune. Den er relativt sjeldan innsamla her i landet, kjend frå om lag 90 lokalitetar.



Eika ved Lervik. Foto: Olav Aas.

2. Frotjold (Frotaule). Naturbase-ID: BN00001045

Omkrins 279 cm, hol. Undersøkt 29. august.

Eika står i enden av gardsvegen på Frotjold, på innmarka i skråninga like aust for løa. Holrommet er ved basis av treet, med opning 10 x 10 cm. Eit par greiner er saga av, og ved det eine greinfestet er det byrjande hol.

- *Athelia bombacina*. Ny for Radøy. Vestlegaste lokalitet i Noreg, andre funn i Hordaland. Denne barksoppen er svært sjeldan innsamla, på landsbasis er det berre registrert 28 tidlegare funn. I Hordaland var den tidlegare berre innsamla frå Voss, på osp i 1950. Den er funne på ulike lauvtre og bartre og på strøfall. Dette funnet er eit av svært få funn på eik.
- *Hypsizygus (Lyophyllum) ulmarius* – almeknippesopp. Denne skivesoppen er ny for kommunen, og funnet er ny vestgrense for soppen i Noreg. I Hordaland var soppen tidlegare berre funne i Granvin på osp, i Odda på alm og i Voss på spisslønn. Relativt sjeldan i Noreg, kjend frå om lag 150 lokalitetar. Dette funnet er eit av dei svært få funna på eik her i landet.
- *Xylodon (Hyphodontia) quercinus* – eikeknorteskinn. Ny for kommunen, vestlegaste funn i Hordaland. I fylket tidlegare funnen i Granvin og Voss, det er innsamlingar frå 1950 og 1951. I denne undersøkinga vart soppen også funnen i kommunane Kvam og Lindås. Relativt sjeldan sopp i Noreg, berre kjent frå om lag 100 lokalitetar.

3. Halland, slåttemark. 60°38'48"N, 5°4'24"E (32V 285355 6729847)

Eikestubbe, omkrins 270 cm. Undersøkt 29. august.

- *Meripilus giganteus* – storkjuke. Raudlista, **NT** (nær trua). Ny for kommunen, ny vest- og nordgrense for soppen her i landet. Relativt sjeldan sopp, innsamla frå rundt 50 lokalitetar i Noreg. I Hordaland var soppen tidlegare funne i kommunane Bergen, Fusa, Kvam, Lindås og Os.



Eikeknorteskinn til venstre. Storkjuke på eikestubbe i slåttemarka på Halland til høgre. Begge foto: Olav Aas

TYSNES kommune

1. Hollekje. Naturbase-ID: BN00000894

Omkrins 395 cm, ikkje hol. Undersøkt 18. september.

Eika står i eit flatt utmarksområde, på nedsida av Anderslandsvegen ved Hollekje. Ein stor vertikal sprekk er synleg i heile stammelengda.

- *Cristinia helvetica* – knortegulpigg. På undersida av død grein på treet. Ny for Hordaland. Denne gulbrune-oransje barksoppen er sjeldan innsamla her i landet, berre kjent frå rundt 20 lokalitetar. Frå Vestlandet er soppen berre kjent frå ein lokalitet i Sogn og Fjordane, og frå to lokalitetar i Møre og Romsdal.
- *Hyphoderma cremealbum* – kremskinn. På død grein på bakken. Denne gulkvite barksoppen er ny for Tysnes. I Hordaland er det kjent eit tidlegare funn frå Voss frå 1976. I landet er den innsamla frå i underkant av 20 lokalitetar. Funnet frå Tysnes er det vestlegaste i landet.

2. Lunde, bnr. 113/1. Naturbase-ID: BN00088042

Omkrins 310 cm, antydning til holrom ved basis på nedsida av treet. Undersøkt 18. september.

Eika står i skråninga nedanfor husa, i kanten av ei graseng. På fleire greiner høgt oppe i treet, uråd å kome til, vart det lagt merke til fruktleamar av påde pore- og barksoppar.

- *Mycena sanguinolenta* – kantblodhette. På død grein på bakken. Ny for Tysnes. Relativt vanleg skivessopp i landet og i Hordaland.
- *Stereum gausapatum* – eikelærsopp. Ny for Tysnes. I Hordaland er soppen tidlegare berre kjent frå Sveio, innsamla i 1969. I landet er den kjent frå knapt 180 lokalitetar. Eik er vanlegaste substrat for soppen.
- *Vuilleminia comedens* – barkspengersopp. I store mengder på døde greinparti på treet. Ein vanleg sopp i fylket og i landet, men berre eit tidlegare funn frå Tysnes, innsamla i 1936.

3. Heggland naturminne. Freda eik. Naturbase-ID: VV00002129

Omkrins 590 cm, hol. Undersøkt 18. september.

Eika står ved ein steingard like nord for husa på Heggland, nær hovudvegen, Hegglandsvegen. Eika vart freda i 1964 (Fægri 1969): «På Heggland i Tysnes, gnr. 106, eier Arne Heggland, ble en eik fredet ved departementsvedtak i 1964». I dag er eiketreet svært meddeke, og nærmast berre nedre del av stammen står att.

- *Hypholoma fasciculare* – besk svovelsopp. Relativt vanleg i landet og fylket.

- *Meripilus giganteus* – storkjuke. Raudlista, **NT** (nær trua). Relativt sjeldan sopp i landet, kjent frå rundt 50 lokalitetar. Ny for kommunen.
- *Stereum hirsutum* – ragglærsopp. Vanleg i fylket og i landet.



Det som er att av den freda eika på Heggland i Tysnes kommune.
Foto: Mary Holmedal Losvik

ULVIK kommune

1. Melnes. 60°34'25"N, 6°59'43"E (32V 390134 6716970)

Omkrins 235 cm, hol. Undersøkt 9. juni.

Eika står på det smale partiet mellom vegen og sjøen, 100 m før ein tunnel, omlag halvvegs langs Osafjorden mellom Håheim og Osa. Området ligg i nedre austre del av Naturbase-ID BN00000949 Melnes-Geitaskjerskorane: sørvendte berg- og rasmarker (registrert med A-verdi). Holrommet er mellom 20 og 30 cm i bredde og strekkjer seg 3 m oppover stammen.

- *Hymenochaete rubiginosa* – eikebroddsopp. Tidlegare innsamla frå Ulvik. Ein relativt vanleg sopp som berre har eik som vertstre.
- *Nemania cf. serpens* – ospekullsopp. Tidlegare funnen i Ulvik, i 1974 på alm. I Hordaland er soppen innsamla frå 8 kommunar, og på landsbasis er det registrert i overkant av 200 funn.
- *Schizopora (Hyphodontia) radula* – sagporesopp. Ny for Hordaland. Ein sjeldan sopp, berre kjend frå om lag 15 lokalitetar i landet.
- *Stereum hirsutum* – ragglærsopp. Vanleg sopp i fylket og landet.



Eika ved Melnes til venstre. Foto: Mary Holmedal Losvik. Til høgre eika i Ernesgeila. Foto: Olav Aas.

2. Ernesgeila. 60°35'5"N, 7°0'59"E (32V 391328 6718172)

Omkrins 180 cm, ikkje hol. Undersøkt 9. juni.

Eika står i den sørvende lia inst i Osafjorden, om lag 100 m oppe i lia, rett ovanfor ein liten parkeringsplass i hovudvegen. Området er ein del av Naturbase-ID: BN00061091 – Ernes, høstingsskog (registrert med A-verdi). Eika har grov bork med mange djupe lengdesprekker.

- *Stereum hirsutum* – ragglærsopp. Vanleg sopp i fylket og i landet.
- *Trichia scabra* – safranullkule. Ny for Ulvik.

NB: I Artskart og Norsk soppdatabase, er det ikkje registrert funn av denne slimsoppen soppen frå Vestland fylke Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane. Her er det viktig å merke seg at Bergensmaterialet av slimsopp (også rust- og sotsopp) enno ikkje er registrert innlagt.

Astrid Karlsen (1944) samla soppen frå Kvam kommune: Skeie og Mo i 1933, og innsamlingane hennar, på bjørk, er oppbevart i herbariet (BG) ved Naturhistoriske samlingar i Bergen. Astrid Karlsen nemner at dette er mindre vanleg sopp med spreidde funn i landet. I Artskart er det registrert 42 funn av soppen.

Soppen er også funnen i Hystad Naturreservat på Stord (<http://anderslundberg.no/hystad-nature-reserve/>). I denne undersøkinga vart soppen også funnen for første gang i Vaksdal kommune.

- *Vuilleminia comedens* – barksprengarsopp. Fleire tidlegare funn i kommunen frå 1920,1930 og 1950-åra. Vanleg sopp i heile landet.



Slimsoppen safranullkule. Dei kuleforma fruktlekamane (sporangier) har sprukke opp og vi ser den oransje-gule sporemassen. Foto: Olav Aas

3. Fryste. 60°32'46"N, 6°54'39"E (32V 385410 6714052)

Omkrins 360 cm, hol. Undersøkt 10. juni.

Eika står i innmarka litt aust for Fryste, på oversida av fylkesveg 572. Treet er tidlegare styva, og det er innholt frå toppen. Den grove borken har mange lengdefurer.

- *Exidia glandulosa* – svartbevre. Vanleg gelésopp i fylket og landet.
- *Nemania serpens* – ospekullsopp. Tidlegare funnen i Ulvik, i 1974 på alm. I Hordaland er soppen innsamla frå 8 kommunar. Utbreidd over heile landet.
- *Stereum hirsutum* – ragglærsopp. Vanleg sopp i fylket og i landet.
- *Vuilleminia comedens* – barksprengrersopp. Fleire tidlegare funn i kommunen frå 1920,1930 og 1950-åra. Vanleg sopp i landet.

4. Hallanger, gamleskulen. 60°29'33"N, 6°51'35"E (32V 382400 6708183)

Omkrins 185 cm, antydning til byrjande hol. Undersøkt 10. juni.

Eika står på parkeringsplassen ved gamleskulen på Hallanger ved Vallavik. Området er like vest for Naturbase-ID BN00061095 – slåttemark (registrert med C-verdi).

- *Vuilleminia comedens* – barksprengrersopp. Fleire tidlegare funn i kommunen frå 1920, 1930 og 1950-åra. Vanleg sopp i landet.



Eika ved Hallanger til venstre. Eika ved Fryste til høgre. Begge foto: Mary Holmedal Losvik

VAKSDAL kommune

1. Straume. 60°39'39"N, 5°47'31"E (32V 324448 6729163)

Omkrins 210 cm, ikkje hol. Undersøkt 15. juni.

Eika står vest for Straume, innanfor naturbase, gamal fattig edellauvskog/eikeskog, som har naturbase-ID BN00019255. Eika står i den vestlege delen, på det flate partiet ved vegen.

- *Mollisia* sp. – gråskål. Ved basis av levande tre, på bork. Dette er ei stor sekksporesopp-slekt med mange artar i Norden. Manglande oversikt og til dels uklår avgrensing mot andre slekter er grunn for at eg ikkje har brukt meir tid på artsbestemming av denne. Dei fleste av artane er svært sjeldan innsamla her i landet.

2. Ved Eikemo. 60°45'58"N, 5°49'39"E (32V 327205 6740916)

Omkrins 215 cm, ikkje hol. Undersøkt 15. juni.


Eika står i vegkanten i skråning ned mot elva , like ved brua som går over til Eikemo.

- *Dacrymyces capitatus*. Denne gelésoppen er ny for Vestlandet. I landet er den berre kjent frå tre andre lokalitetar, frå Hedmark (furu), Telemark (barklaus pinne) og Aust-Agder (lauvtre på bakken). Sannsynlegvis er dette første funn på eik her i landet. Soppen har ikkje fått norsk namn. I Danmark har den fått namnet «stilket tåresvamp». Eg føreslår difor «stilket/stilka tåresopp» som norsk namn på soppen.
- *Trichia scabra* – safranullkule. Ny for Vaksdal.


NB: I Artskart og Norsk soppdatabase, er det ikkje registrert funn av denne slimsoppen soppen frå Vestlandsfylka Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane. Her er det viktig å merke seg at Bergensmaterialet av slimsopp (også rust- og sotsopp) enno ikkje er registrert innlagt.

Astrid Karlsen (1944) samla soppen frå Kvam kommune: Skeie og Mo i 1933, og innsamlingane hennar, på bjørk, er oppbevart i herbariet (BG) ved Naturhistoriske samlingar i Bergen. Astrid Karlsen nemner at dette er mindre vanleg sopp med spreidde funn i landet. I Artskart er det registrert 42 funn av soppen.

Soppen er også funnen i Hystad naturreservat på Stord (<http://anderslundberg.no/hystad-nature-reserve/>). I denne undersøkinga vart soppen også funne for første gang i Ulvik kommune.



Eika ved Straume til venstre. Foto: Olav Aas. Eika ved Eikemo til høgre. Foto: Mary Holmedal Losvik.



Gelésoppen *Dacrymyces capitatus*. Dei 1 mm store og runde fruktlekamane har ein like lang «stilk» som er nede i den rotnande eikeveden. Foto: Olav Aas

Tabellar

Tabell 1. Funn av raudlista og sjeldne artar.

Raudlistekategoriar: **NE** (ikkje vurdert). **NT** (nær trua). **VU** (sårbar).

Vitskapleg namn	Norsk namn	Raudlista	Kommentar	Kommune
<i>Athelia bombacina</i>	-		Andre funn i Hordaland. Vestlegaste funn i Noreg	Radøy
<i>Conferticium ravum</i>	ospeskinn/ ospeokerskinn	VU	Ny for Vestlandet. Første funn på eik i Noreg	Lindås
<i>Coniochaeta subcorticalis</i>	-	NE	Ny for Hordaland, kanskje også for Vestlandet.	Bergen
<i>Cristinia helvetica</i>	knortegulpigg		Ny for Hordaland, 4de funn på Vestlandet.	Tysnes
<i>Dacrymyces capitatus</i>	Forslag til norsk namn: «stilka/stilket tåresopp»		Ny for Vestlandet. 4de funn i landet. Eik nytt substrat for soppen i Noreg.	Vaksdal
<i>Durella commutata</i>	-		Ny for Vestlandet, andre funn i Noreg	Lindås
<i>Fistulina hepatica</i>	oksetungesopp	NT	Fleire områder i Kvam	Kvam
<i>Grifolia frondosa</i>	korallkjuke	VU	Fleire områder i Kvam	Bergen, Kvam
<i>Hyphoderma cremeoalbum</i>	kremskinn		Ny for Tysnes, andre funn i Hordaland, vestlegaste funn i landet.	Tysnes
<i>Hypocrea citrina</i>	gul putesopp		Ny for Kvam, andre funn på Vestlandet og i fylket	Kvam
<i>Hysterium pulicare</i>	riflesprekksopp	NE	Andre funn i Lindås	Lindås
<i>Leptosporomyces mutabilis</i>	-		Andre funn på Vestlandet.	Bergen
<i>Meripilus giganteus</i>	storkjuke	NT	Ny for Radøy og Tysnes. Radøy ny vest- og nordgrense for soppen	Bergen, Kvam, Radøy, Tysnes
<i>Nemania prava</i>	-	NE	Ny for Hordaland	Kvam
<i>Patinellaria sanguinea</i>	-	NE	Ny for Hordaland. Andre funn på Vestlandet.	Lindås
<i>Schizopora radula</i>	sagporesopp		Ny for Hordaland	Ulvik
<i>Stereum gausapatum</i>	eikelærsopp		Andre funn i Hordaland. Ny for Tysnes	Tysnes
<i>Tapesia fusca</i>	teppeskål	NE	Andre funn i Hordaland. Ny for Kvam	Kvam
<i>Tomentellopsis echinospora</i>	-		Tredje funn i Hordaland. Ny for Fusa	Fusa

Tabell 2. Nye funn for kommunane.

Vitskapeleg namn	Norsk namn	Kommune
<i>Athelia bombacina</i>	-	Radøy
<i>Athelia fibulata</i>	-	Kvam, Radøy
<i>Conferticium ravum</i>	ospekinn/ospeokerskinn	Lindås
<i>Coniochaeta subcorticalis</i>	-	Bergen
<i>Cristinia helvetica</i>	knortegulpigg	Tysnes
<i>Dacrymyces capitatus</i>	«stilka tåresopp»	Vaksdal
<i>Daedalea quercina</i>	eikemusling	Fusa
<i>Durella commutata</i>	-	Lindås
<i>Hyphoderma cremeoalbum</i>	kremskinn	Tysnes
<i>Hypocrea citrina</i>	gul putesopp	Kvam
<i>Hypsizygus ulmarius</i>	almeknippesopp	Radøy
<i>Leptosporomyces mutabilis</i>	-	Bergen
<i>Meripilus giganteus</i>	storkjuke	Radøy, Tysnes
<i>Mycena filipes</i>	stripehette	Kvam
<i>Mycena inclinata</i>	eikehette	Fusa
<i>Mycena sanguinolenta</i>	kantblodhette	Tysnes
<i>Nemania prava</i>	-	Kvam
<i>Nemania serpens</i>	ospekullsopp	Kvam
<i>Patinellaria sanguinea</i>	-	Lindås
<i>Schizopora radula</i>	sagporesopp	Ulvik
<i>Stereum gausapatum</i>	eikelærsopp	Tysnes
<i>Tapesia fusca</i>	teppeskål	Kvam
<i>Tomentellopsis echinospora</i>	-	Fusa
<i>Trichia scabra</i>	safranullkule	Ulvik, Vaksdal
<i>Vuilleminia comedens</i>	barksprengarsopp	Lindås
<i>Xylodon quercinus</i>	eikeknorteskinn	Kvam, Lindås, Radøy

Tabell 3. Oversikt over dei registrerte soppartane.

Soppgrupper: **BA:** barksopp; **GE:** gelésopp; **PO:** poresopp; **SE:** sekksporesopp; **SK:** skivesopp; **SL:** slimsopp

Vitskapleg namn	Norsk namn	Gruppe	Kommune
<i>Armillaria lepistipes</i>	hagehonningsopp	SK	Bergen
<i>Athelia bombacina</i>	-	BA	Radøy
<i>Athelia fibulata</i>	-	BA	Kvam, Radøy
<i>Chlorociboria</i> sp.	grønbeger	SE	Kvam
<i>Conferticium ravum</i>	ospeskinn/ospeokerskinn	BA	Lindås
<i>Coniochaeta subcorticalis</i>	-	SE	Bergen
<i>Cristinia helvetica</i>	knortegulpigg	BA	Tysnes
<i>Dacrymyces capitatus</i>	«stilka tåresopp»	GE	Vaksdal
<i>Daedalea quercina</i>	eikemusling	PO	Fusa, Kvam
<i>Durella commutata</i>	-	SE	Lindås
<i>Enerthenema papillatum</i>	-	SL	Kvam
<i>Erysiphe alphitoides</i>	eikemjøldogg	SE	Kvam
<i>Exidia glandulosa</i>	svartbevre	GE	Ulvik
<i>Fistulina hepatica</i>	oksetungesopp	PO	Kvam
<i>Ganoderma applanatum</i>	flatkjuke	PO	Kvam
<i>Grifolia frondosa</i>	korallkjuke	PO	Bergen, Kvam (fleire område)
<i>Hymenochaete rubiginosa</i>	eikebroddsopp	BA	Kvam, Ulvik
<i>Hyphoderma cremeoalbum</i>	kremskinn	BA	Tysnes
<i>Hypholoma fasciculare</i>	besk ssvovelsopp	SK	Tysnes
<i>Hypocrea citrina</i>	gul putesopp	SE	Kvam
<i>Hypsizygus ulmarius</i>	almeknippesopp	SK	Radøy
<i>Hysterium pulicare</i>	riflesprekksopp	SE	Lindås
<i>Laccaria laccata</i>	lakssopp	SK	Bergen
<i>Laetiporus sulphureus</i>	svovelkjuke	PO	Kvam
<i>Leptosporomyces mutabilis</i>	-	BA	Bergen
<i>Meripilus giganteus</i>	storkjuke	PO	Bergen, Kvam, Radøy, Tysnes
<i>Mollisia</i> sp.	gråskål	SE	Vaksdal
<i>Mycena filopes</i>	stripehette	SK	Kvam
<i>Mycena inclinata</i>	eikehette	SK	Fusa
<i>Mycena sanguinolenta</i>	kantblodhette	SK	Tysnes
<i>Nemania prava</i>	-	SE	Kvam
<i>Nemania serpens</i>	ospekullsopp	SE	Kvam, Ulvik
<i>Patinellaria sanguinea</i>	-	SE	Lindås
<i>Phellinus ferreus</i>	kystrustkjuke	PO	Kvam
<i>Schizopora radula</i>	sagporesopp	PO	Ulvik
<i>Stereum gausapatum</i>	eikelærsopp	BA	Tysnes
<i>Stereum hirsutum</i>	ragglærsopp	BA	Kvam, Lindås, Tysnes, Ulvik
<i>Tapesia fusca</i>	teppeskål	SE	Kvam
<i>Tomentellopsis echinospora</i>	-	BA	Fusa
<i>Trametes hirsuta</i>	raggkjuke	PO	Kvam
<i>Tremella mesenterica</i>	gul gelésopp	GE	Lindås
<i>Trichia scabra</i>	safranullkule	SL	Ulvik, Vaksdal
<i>Vuilleminia comedens</i>	barksprengrsopp	BA	Kvam, Lindås, Tysnes, Ulvik
<i>Xylodon asperus</i>	glisneknorteskinn	BA	Lindås
<i>Xylodon quercinus</i>	eikeknorteskinn	BA	Kvam, Lindås, Radøy

Litteratur

- Bergen kommune, fagnotat datert 12. juli 2012. Reguleringsplan Cappes vei nr. 30.
- Bergens Tidende, nettavis 20. mars 2013.* Vil redde gammel eik – melder byrådet til politiet.
SV har anmeldt byrådet og konsultentselskapet Opus til politiet for miljøkriminalitet.
- Fylkesmannen i Hordaland 2013. Forvaltingsplan for Berge landskapsvernområde:
Naturkvalitetar, bevaringsmål og forvaltningstiltak. – MVA-rapport 6/2013. 64 s. + vedlegg.
- Fægri, Knut 1969. Fredninger på Vestlandet. I: *Stå vakt om naturen. Vestlandske Naturvernforening 1918-1968*, s179-208.
- Hafsten, Ulf 1962. Utflukt til Norges største bestand av kjempe-eiker. – I: *Naturvern i Norge. Landsforbundet for Naturvern i Norge. Årsskrift 1962.* s. 58-60.
- Kalstø, Anne Bente 1985. *Myxomycetfloraen på Bjørnen og Smørås, et barskogs- og et løvskogs område i Bergensregionen.* – Hovudoppgåve i systematisk botanikk, Universitetet i Bergen. 171 s.
- Karlsen, Astrid 1944. Studies on Myxomycetes II. The Myxomycete Flora of Hardanger. – *Bergens Museums Årbok 1943. Naturv. Rekke Nr. 4.* 34 s.
- Losvik, Mary Holmedal 1990. Skjøtselsplanar og skjøtselstiltak for 4 verna edellauvskogar i Hordaland. *Sogn og Fjordane distriktshøgskule. Skrifter 1990:8.* 63 s.
- Nordhagen, Rolf 1930. Årsberetning fra Vestlandske kretsforening for naturfredning i Norge. – I: *Naturfredning i Norge. Årsberetning for 1929.* s. 47-56.
- Solheim, Halvor 2012. Eikemjøldogg. - *Artsdatabankens faktaark nr. 275.*

Fylkesmannen i Hordaland

Besøksadresse:
Kaigaten 9, 5020 Bergen

Postadresse:
Postboks 7310, 5020 Bergen

Telefon: 55 57 20 00

E-post:
fmhpostmottak@fylkesmannen.no

Org.nr: 974760665

ISBN: 978-82-8060-102-5
ISSN: 0804-6387